

Fleire hytter på Skorpo

24.09.2011

Kommunen har gjeve grønt lys for byggjing av fleire hytter på Skorpo. I eit brev til Kåre Hauge som bur i Nesttun i Bergen blir han gjeve delingsløyve for ein parsell som skal nyttast til 3 fritidsbustader.

Søknaden er i samsvar med kommuneplan og bebyggelsesplan frå 2008. Vilkår for deling er at parsellane får tinglyst gangvegrett over og rett til båtplass i båthavn på Hauge sin eigedom.

Parsellane må også få tinglyst rett til legging av straum og VA-anlegg på same staden.

Naboar og gjenbuarar er varsla og det er ingen protestar